



*Grandtante Inger var motstandshelt både i krigs- og fredstid. Her er ho og eg avbilda frå den gongen eg fylde 4 år.*

## **Subject vs. the Object**

**Ein musikalsk kortfilm om diametrale kvinnekall og gjensidig respekt. Utgangspunktet er i den unike krigshistoria til Annies grandtante Inger Haldorsen - ein legendarisk fødselslege ved Kvinneklinikken i Bergen. Der lurte ho tyskarane trill rundt med eit eige kodespråk og menn på flukt innimellom dei vordande mødrene.**

Popsongaren og låtskrivaren Annie - aka Anne Lilia Berge Strand - vaks opp med tre unike grandtanter og ei fantastisk mormor. Den eine av grandtantene hennar - tante Inger - var ein levande legende.

Rakel, Maren, Lilly - Annies mormor - og Inger var alle døtre av oppfinnaren og gründeren Martines Haldorsen. Det var han som bygde opp hjørnesteinsbedrifta Wickmann Motorfabrikk på Rubbestadneset på Bømlo i første halvdel av 1900-talet. Han revolusjonerte med dette norsk kystkultur og blei ein legende i norsk industrihistorie. Båtmotorane hans blei brukt av alle.

Og det er båtmotorane som er utgangspunktet for at tante Inger blir ein levande legende. Under 2ndre verdskrig blir fabrikkjen på Rubbestadneset ein viktig stad i norsk krigshistorie. Sjølve navet i den såkalla Englandsfarten - den illegale flyktningtransporten over Nordsjøen - låg her. Årsaka var at brorparten av norske fiskeskøyter hadde Wickmann-motorar. Dermed hadde dei tilsette - som vart motstandsmenn - god oversikt over alle skøyter og eigarane deira. Slik bygde dei opp

ein hemmeleg organisasjon som organiserte flyktningtransport med fiskeskøyter over Nordsjøen.

Tyskarane hadde ein mistanke og dreiv difor utstrakt overvåking der. For å lure dei klekka systrene Haldorsen ut eit kodespråk som lurde tyskarane trill rundt. Når systrene ringde doktor Inger på kvinneklinikken frå Rubbestadneset høyrdest det ut som dei snakka om laust og fast. Dermed la dei ikkje merke til at Inger fekk beskjed om å kjøpe *2 garnøster med blå tråd*. Det var det same som å bringe 2 flyktningar i skjul.

Inger Haldorsen var på denne tida ein av Noregs svært få kvinnelege lækjarar og utdanna ved Sorbonne i Paris. Då krigen braut ut arbeidde ho som fødselslege ved Kvinneklinikken ved Haukeland sjukehus. Dette utnytta ho og brukte klinikken som skjulestad: fleire hardt etterlyste flyktningar blei gøymde mellom vordande mødre og som låg og venta på fødselsklinikken. Tyske soldatar kunne ikkje anna enn å snu når Inger myndig nekta dei å leite blant kvinnene. På denne måten redda Inger Haldorsen mange liv i tillegg til å ta imot nye liv.

Lilly - mormor til Annie - er på si side berre indirekte involvert i motstandsarbeidet. Hennar rolle var i heimen. Noko måtte ta seg av dei gamle på garden om dei andre blei tatt. Også hennar halvbrør var involvert. Og i fleire av dei blir tatt. Også Inger. Ho sit fengsla i halvanna år og ho slepp først ut etter å ha spelt splitter pine gal. Erfaring frå ulike institusjonar gjorde at ho kjende adferden til mentalt sjuke pasientar. Tyskarane såg difor ingen annan utveg enn å sleppe henne fri. Mange av mennene som blei tatt i same opprulling fekk harde fengselstraffar i tyske konsentrasjonleirar.

Annies grandtante og mormor vart veldig nære - og Annie har mange minner om henne. Etter krigen vart Inger haldt ho fram med verksemda frå krigen: no skjulte ho vordande ugifte mødre på ein hemmeleg klinikk. Ho ville dei skulle få føde i tryggleik og sleppe trakasseringa av ugifte mødre ute i samfunnet. Dette vart ein måte å dyrka hennar motstandsvilje vidare i fredstid. Ho mintest ein gong i året det som hendte under krigen - på 17 mai. Då tok ho på seg det som haldt henne oppe i Gestapofengselet:

Kjolen ho sydde i cella si. Dette var ein kjole fylt med mørke og ljose felt: mørke og ljose fargar. Dei ljose fargane symboliserte dei gode dagane, sa ho. Dei mørke fargane var dei vonde dagane i fengselet. Det var mykje mørkt i denne kjolen.

Denne musikalske kortfilmen er særleg inspirert av tante Inger men også Annies mormor. Det er ein film om den djupe respekta dei hadde for einannan trass i heilt ulike kall. Det spelte ingen rolle at den eine *berre* var usynleg husmor medan den andre vart kjend motstandshelt. Med utgangspunktet i dei to vil Annie og Hildegunn Wærness skildre liknande moderne vekselverknadar: kvinner med diametrale kall som respekterar einannan.



*Inger Haldorsen ein gong på sekstialet. Legg merke til sigaretten.*

Idé: Annie - Anne Lilia Berge Strand  
Script: Annie & Hildegunn Wærness  
Musikk: Annie og Richard X  
Regi: Hildegunn Wærness  
Produksjon: Team Wærness  
Design: DSTM Berlin  
Casting: Linda Steinhoff  
PR: Chloe Mellic - Inside/ Out London  
Administrasjon: Nicholas H. Møllerhaug